



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev juli 2021

Eg håpar at alle er friske og at de har hatt ein fin sommar så langt. Sjølv om me så inderleg skulle ønska at pandemien var over no, så stig smittetala igjen. Heldigvis så er dei fleste Lionsmedlemmer vaksinerte og eg håpar og trur at når klubbane kjem i gang med møte og aktivitetar så vil det bli nesten som i " gode gamle dagar".

No startar me opp igjen.

Det blir så bra og eg ser verkeleg fram til det. Eg vil tru at nokre klubbar har utfordringar med oppstart etter pandemien. Ta gjerne kontakt dersom klubben din har det slik. Me er mange resurspersonar i Distriktet som meir enn gjerne kjem på klubb-besøk for å inspirera og hjelpa klubben over kneika. Eg vil også på det sterkaste anbefala klubbane å senda medlemmer på leiarkurs i regi av Lions Norge. Kursa er svært inspirerande og heilt gratis, men reisa må klubben kosta sjølv. Kunnskap om Lions er ei god investering og det kan vera akkurat det klubben din treng for å få ein ny giv. Ta dette opp med klubben din dersom du kan tenkja deg ei slik opplæring.

Presidenttreffet

Me gjentek suksessen frå i fjor. Distriktet sitt "kick off " er i år, som tidlegare år, presidenttreffet. Dette går av stabelen første helga i september på hotell "Park Inn" på Karmøy. Fredag 3. september er det styre- og rådsmøte. Det blir også soneleiararopplæring same helga.



Presidenttreffet startar laurdag 4.september klokka 12 med felles lunsj og blir avslutta med lunsj på søndagen. I tillegg til klubbpresidenten og kanskje også visepresidenten så hadde det vore kjekt om andre medlemmer også kunne finna dette interessant. Det er fullt mogeleg å vera med på laurdagen for dei som måtte ønskja det.

Generalsekretær Hroar Thorsen kjem også i år for å inspirera og informera om Lions, presidenten si rolle, klubb -miljø, lojalitet med meir. Han vil gje opplæring i MyLion og StyreWeb på søndagen. Det vil bli gitt ny og nyttig informasjon om **Lions Røde Fjær**. Sist og ikkje minst, informasjon om "**Lions Norge - nytt hovudprosjekt utland**"

Etter å ha hatt mykje opplæring dei tre siste åra, så ser eg at kunnskap og informasjon om denne flotte organisasjonen vår er både viktig, inspirerande og motiverande. Eg har stor tru på at dette blir ei nyttig og lærerik helg for alle som deltek sjølv om ein har vore med på liknande samlingar tidlegare. **Det vil bli sendt ut påmelding og meir informasjon til klubbane om presidenttreffet i midten av august. Set av datoen allereie no. Alle er hjarteleg velkomne til hyggeleg samvær med andre Lionsmedlemmer frå heile Distriktet.**

Desse måla , som er frå Distriktet sin handlingsplan, skal klubbane saman oppnå i året som kjem.

Det kan me berre få til om me samarbeider og drar i same retning. Sørg for at klubben din har desse måla med i sin handlingsplan. I alle fall ein del av dei. Skal me få til det me seier me skal gjera, må klubbar, sonar, distrikt og Lions Norge samarbeida og trekkja i same retning. Eg ønskjer at alle blir med, løftar og synleggjer den humanitære innsatsen og det gode arbeidet som blir gjort i denne organisasjonen me er ein del av og som me er stolte av å væra medlemmer i.

Distriktets måltall	Måltall 2021 – 2022
Medlemmer	1800
Klubbar / Leoklubbar	75 / 3
Brukare i MyLion	75% av klubbene
Brukare i Styre Web	80% av klubbene
Andre måltall i Distriktet	
Selde tulipanar	200.000
Selde Mitt Valg kurs	30
Nye brønner i Uganda	5
Nye fadrar i Balikuddembe	10
Deltakande klubbar Julekaravanen	50
Deltakande ungdommar Julekaravanen	6
Nye måltall	
Totalt innsamla Lions Røde Fjær	9.300.000
Nye modellklubber	2

Visjonen vår

Lions skal vera Noregs beste humanitære serviceorganisasjon.

Lions handlar først og fremst om å gjera ein forskjell for dei som treng det. Det me får igjen er så uendeleg mykje meir og så mykje større. Det er gleda av å kunna bidra og vera eit medmenneske. Me seier at Lions er gode venner som hjelper andre, men det er også viktig å ta vare på kvarandre. Hugs at det er mange som treng oss både her heime og ute i verda. Saman får me til så mykje meir.

Samarbeid

Eg håpar og trur at me også i år skal få til eit godt samarbeid. Eg ser fram til gode og positive opplevingar saman med engasjerte Lionsmedlemmer. Skulle det oppstå utfordringar, så ta kontakt. Eg er stort sett alltid tilgjengeleg både på e-post: c.dg@lions.no og telefon 90 79 67 47.

Lykke til med Lionsåret 2021-2022.



Beste Lionshelsing frå
Gunnhild Rein Almås
Distriktsguvernør 104C
2021-2022

Ta gjerne kontakt med resurspersonar i Distrikt 104C

Distriktsstyre og distriktsråd 2021-2022

Distriktsstyre	Verv	Sone	e-post	Telefon	Klubb
Gunnhild Rein Almås	DG		c.dg@lions.no	90 79 67 47	Fusa
Jarle Rognstad	VDG1		jarle.rognstad@gmail.com	90 91 79 13	Sandnes - Riska
Egill Soldal	VDG2		egsol@online.no	48 02 44 86	Askøy
Kjell Framnes	Sekretær		kjell.framnes@frontagruppen.no	95 22 21 05	Stord- Fitjar
Liv Kolle-Holmefjord	Kasserar		livkh@fusi.no	90 61 70 21	Fusa
			-		
Distriktsrådet	Verv	Sone	e-post	Telefon	Klubb
Egill Soldal	GST		egsol@online.no	48 02 44 86	Askøy
Jarle Rognstad	GMT		jarle.rognstad@gmail.com	90 91 79 13	Sandnes- Riska
Jarle Hanstveit	GLT		jarle.hanstveit@gmail.com	48 00 25 64	Osterøy
Lars Tveter	IRC		lt@ennte.no	90 54 55 25	Stavanger
Mathias Vikse	NAC		mathias.vikse@gmail.com	97 58 17 88	Sveio
Terje Berge	PRC/ITC		terjelberge@gmail.com	40 22 40 28	Lions 104C Web Club
Marit Munthe	YCEC		marit.hovland@aroygard.no	97 03 54 29	Sogndal
			-		
Marit Munthe	Soneleiar	1	marit.hovland@aroygard.no	97 03 54 29	Sogndal
Sigfred Rosvold	Soneleiar	2	sigfred.rosvold@bkkfiber.no	99 53 78 53	Arna
Stine King	Soneleiar	3	stine.skriv@gmail.com	41 48 26 35	Lions 104C Web Club
Marwin Hopland	Soneleiar	4	marwin.hopland@gmail.com	90 63 25 30	Bergen/Bergenhus
Thorleif Ljones	Soneleiar	5	torleivljones@gmail.com	91 34 79 97	Strandebarm
Odd Arne Mala	Soneleiar	6	odd.arne.mala@gmail.com	90 99 41 73	Odda
Lars Vormestrand	Soneleiar	7	lakvorm@online.no	97 96 93 96	Vindafjord
Håkon Frode Særsten	Soneleiar	8	haafro@gmail.com	90 06 43 75	Stord-Fitjar
Odd Konrad Dale	Soneleiar	9	oddkonraddale@gmail.com	48 49 73 70	Sveio
Jarl Sie	Soneleiar	10	jarl.sie1@lyse.net	90 63 28 30	Hjelmeland
Sven Senstad	Soneleiar	11	ssenstad@online.no	91 70 21 60	Sandnes
Trude Høyland	Soneleiar	12	trude.hoyland@gmail.com	90 56 43 92	Jæren
			-		
Jan Egil Friestad	LRF-kontakt		egfriest@kleppnett.no	98 26 79 60	Klepp
Marwin Hopland	Camp-100		marwin.hopland@gmail.com	90 63 25 30	Bergen/Bergenhus